

Tabell A-k

Utgiftsutjamning o.a. for kommunane 2023

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for kvar einskild kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2022.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent over og 10 prosent under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 25.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2023 er i sum for landet berekna til om lag 342,9 mrd. kroner, som utgjer 62 859 kroner per innbyggjar, basert på innbyggjartal per 1. juli 2022.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordelinga per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1 000 kr)

Omfordelinga utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordelinga i kroner per innbyggjar (kol. 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2022 (tabell F-k, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk i korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular

I korreksjonsordninga får kommunane eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular (kol. 6, før samla trekk blir ført tilbake til alle kommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (kol. 7). For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2021 (tal frå Kunnskapsdepartementet), jf. tabell F-k, kol. 34–36. Kostnader til skuleskyss inngår ikkje i satsgrunnlaget for korreksjonsordninga.

Tabellen under viser treksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2023.

Treksatsane per elev for korreksjonsordninga i 2023	(kroner)
Vanleg undervisning	113 000
Spesialskular	341 300
Opphald/innlosjerte ved skulen	360 600

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk i korreksjonsordninga

Samla trekk i korreksjonsordninga for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til kvar einskild kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inklusive korreksjon for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.